



KI-notat nr.: 18/2009- Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Eitreelvi kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane fylke/Vik kommune	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:
Saksbehandler:	Ellen Lian Halten	Sign.:
Dato:	12 MAI 2009	
Vår ref.:	NVE 2007007820	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til Eitreelvi kraftverk i Vik kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Uttalelser til søknaden	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	15
Tilleggsundersøkelse og kommentarer til denne	19
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	22
NVEs vurdering	28
NVEs konklusjon	34
Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven	35

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Eitreelvi kraftverk og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov.

Eitreelvi ligger i Vik kommune, Sogn og Fjordane fylke. Selve utbyggingsområdet strekker seg fra inntaket på kote 560 til kraftstasjonen på kote 20. Eitreelvi kraftverk har et nedbørfelt på 7,2 km². Middelvannføringen er 0,4 m³/s. Alminnelig lavvannføring er beregnet til 0,028 m³/s, og slukeevnen vil være maksimalt 0,8 m³/s. Kraftverket vil etter foreliggende planer utnytte et fall på 540 meter og gi en årlig produksjon på cirka 12 GWh. Planene omfatter etablering av inntak, driftsvannveg i fjellet, kraftstasjon i fjell og tilknytningsforbindelse (kraftlinje) til eksisterende 22 kV linje. Utbyggingen planlegges veiløs. Områdekonsesjonær er Sognekraft AS.

Vik kommune er positive til utbyggingen, men tar forbehold om at det blir utført avbøtende tiltak, bl.a. minstevannføring. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil ut fra de forelagte utbyggingsplanene og nåværende vurderingsgrunnlag fraråde bygging av kraftverket fordi utbyggingen kommer i konflikt

med biologisk mangfold og landskapsmessige verdier. Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår at konsesjon innvilges, under forutsetning av at det er mulig å bygge kraftverket uten at dette truer bevaringen av naturverdiene i området. Sogn og Fjordane Turlag uttaler at konfliktene som tiltaket har med friluftsinteressene ikke er store nok til at de vil gå i mot byggingen, men av hensyn til landskap og biologisk mangfold er de negative til en ev. utbygging.

Den øvre delen av utbyggingsområdet er synlig fra Sognefjorden og den nedre delen er godt synlig når en reiser inn i Arnafjorden. Det er påvist ei bekkekløft innenfor influensområdet. Det finnes trolig mindre fossesprutsoner langs de største fallene i elva, og det kan også være flere bekkekløfter innenfor berørt område. Dette er ikke fullstendig kartlagt grunnet områdets beskaffenhet. Det er ikke påvist rødlistearter i området som er avhengig av dagens vannføring i elva. Potensialet for fremtidig funn av rødlistearter avhengig av dagens vannføring og fuktighet fra elva vurderes som minimal.

Tiltaket vil gi cirka 11 GWh i ny årlig kraftproduksjon og kan bidra til å styrke lokalt næringsgrunnlag og verdiskapning for grunneiere, og bidra til å opprettholde lokal bosetting.

NVE mener at med de justeringer som er foreslått når det gjelder stasjonsplassering, kraftstasjonens utløp og bruk av masser fra utbyggingen, og med krav om minstevannføring hele året, er fordelene ved tiltaket større enn ulempene for allmenne interesser. Det er lagt vekt på at synligheten av de tekniske inngrepene skal bli så lite som mulig.

NVE mener fordelene ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Småkraft AS tillatelse til å bygge Eitreelvi kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Småkraft AS datert 28.8.2007:

Småkraft AS ønsker å utnytte deler av fallet i Eitreelvi og søker herved om følgende tillatelser:

1. Lov av 24. november om vassdrag og grunnvann om tillatelse til:

- Bygging av Eitreelvi kraftverk i samsvar med fremlagte planer.

2. Lov av 29. juni 1990, nr 50 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi med mer om tillatelse til:

- Å installere en generator på inntil 3,6 MW i Eitreelvi kraftverk med nødvendig elektrisk anlegg.
- Å installere nødvendig koplingsanlegg for kabeltilknytning.
- Legging av 22 kV kabel/luftlinje fra kraftstasjonen og frem til eksisterende 22 kV linje.

3. Lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensning med mer om tillatelse til:

- Gjennomføring av tiltaket.

Det opplyses at det er inngått avtale med grunneier med fallrettigheter om falleie og øvrige rettigheter til å gjennomføre prosjektet.

Hoveddata for kraftverket:

DATA FOR TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	0,4
Middelvannføring	m ³ /s	0,4
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,028
DATA FOR KRAFTVERK		
Inntak på kote		560
Avløp på kote		20
Fallhøyde, brutto	m	490
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	1,280
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,8
Slukeevne, min	m ³ /s	0,04
Tilløpsrør, lengde	m	404
Tilløpsrør, diameter	mm	550
Tunnel, tverrsnitt	m ²	18
Tunnel, lengde	m	404
Installert effekt, maks	MW	3,6
Brukstid	t	3385
Magasinvolum mill.	Mm ³	0
HRV		560
LRV		-
DATA FOR PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)	GWh	4,0
Produksjon, sommer (1/5 – 30/9)	GWh	8,2
Produksjon, årlig middel	GWh	12,2
DATA FOR ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill. kr	29,0
Utbyggingspris	kr/kWh	2,38

5-persentil sommer- og vinterperioden er av søker beregnet til hhv. 130 l/s og 18 l/s.

Elektriske anlegg

Generator	Ytelse MVA	Spennings kV
	4	6,6
Transformator	Ytelse MVA	Omsetning kV/kV
	4	6,6/22
Kraftlinjer	Lengde	Nominell spenning kV
	600	22

Uttalelser til søknaden

Søknaden har vært kunngjort i pressen og lagt ut til offentlig ettersyn i Vik kommune. Videre er saken sendt på høring til kommunen, berørte statlige forvaltningsorganer og interesseorganisasjoner. I forbindelse med sluttbehandlingen av saken har NVE vært på befaring sammen med søker/grunneiere, representant fra kommunen og to representanter fra fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vik kommune gjorde følgende vedtak i formannskapsmøte den 16.5.2008:

” ...

Formannskapet tilrår Småkraft AS sin konsesjonssøknad om utbygging av Eitreelvi med fylgjande atterhald/presiseringar:

- 1. Utføra avbøtande tiltak slik at inngrepa i størst muleg grad innordnar seg eksisterande landskap.*
- 2. Krav om minstevassføring. Både av omsyn til levevilkåra i elva og landskapsopplevinga må det setjast krav om minstevassføring.*
- 3. Overskotsmassar skal ikkje tippast på fjorden. Konsesjonssøkjar må påleggjast å dokumentera samfunnsnyttig bruk av massane. Slik bruk skal avklarast i eit nært samarbeid med Vik kommune.*

Vik kommune vil ta stilling til ev. utsleppsløyve når søknad føreligg.”

” ...

Saksutgreiing

Konsekvensanalysen som er gjennomført viser at utbygginga vil ha middels negativ konsekvens for landskapet i området, først og fremst på grunn av redusert vassføring i Eitreelvi som gir ein redusert landskapsverdi. Utbygging vil medføre et netto tap i arealet av inngrepsfrie naturområde på 0,63 km². For biologisk mangfald og verneinteresser er det elles venta middels negativ konsekvens. Dette først og fremst fordi det er funne bekkekløfter og fossesprutsoner som er naturtypar knytt til sjølve elva, og at nedre deler av elva går gjennom eit område som er foreslått verna.

Redusert vassføring vil og gje lågare biologisk produksjon og det er venta liten negativ konsekvens på fisk og ferskvassbiologi. Konsekvensane for friluftslivet som er vurdert negativt som følge av en forringing av landskapet sine opplevingskvalitetar. Utbygginga er vurdert å ha ubetydeleg konsekvens for kulturminne/kulturmiljø og landbruk. For vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser er det og venta ubetydeleg konsekvens.

Det er foreslått minstevassføring i sommarperioden 1.5-30.9 på 40 l/s (lik 10 % av middelvassføringa).

Omsøkt vassdrag ligg utafor edellauvskogvernet som no ligg til handsaming på departementalt nivå.

Økonomiske konsekvensar

Vik kommune vil oppleve ein positiv effekt av aktiviteten i anleggsperioden, grunneigarane vil få ei auka inntening på eigedomane og Vik kommune vil få om lag kroner 200.000,- årleg i nye eigedomsskatteinntekter.

Vurdering

Innleingsvis vil rådmannen påpeika det uheldige i å handsama ein slik søknad om vinteren. Ver og føre gjer det umuleg å synfara vassdraget.

Rådmannen vil likevel på generelt grunnlag stille seg positiv til omsøkt konsesjon. Det vert påpeika at uregulerte vassdrag etter kvart er eit minimumsgode i kommunen. Lokalsamfunnet må difor snart gjera opp status og ta stilling til kva vassdrag ein ynskjer å bevare for ettertida utan inngrep.

Rådmannen viser i så måte til pågåande fylkeskommunalt arbeid for å gje retning og støtte i slike vurderingar. Rådmannen minner om Vik kommune si stode som ein tidleg og stor vasskraftkommune.

Rådmannen stiller seg skeptisk til konsesjonssøknaden mop handtering av overskotsmassar frå trykksjakt. Utbyggjar vil deponera dette i sjøen. Rådmannen rår til at søkjar vert pålagt å transportera massane ut av området og nytta til samfunnsnyttige føremål.

Naudsynte løyve heimla i ureiningslovgjevinga forutset rådmannen vert omsøkt særskilt.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev datert 2.7.2008:

” ...

Konklusjon

Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er i konflikt både i høve til biologisk mangfald og landskapsverdiar. Det er bekekløfter og fossesprøytoner som er avhengig av vassføringa i elva, og Eitreelvi med omkringliggande gjel er eit markert landskapselement i høve til Sognefjorden. Fylkesmannen vil, ut i frå føreliggjande utbyggingsplanar og vurderingsgrunnlag, rå ifrå kraftutbygging i Eitreelvi.”

” ...

Vurdering

Landskap og friluftsliv

I utgreiinga er det vist til at elva er godt synleg frå fjorden, og at redusert vassføring vil gje redusert landskapsverdi. Dei øvre delane av planlagt utbygde strekning er synleg frå hovudleia innover Sognefjorden og frå vegen på nordsida av Sognefjorden, medan dei nedre falla er vesentlege landskapselement (særleg frå sjøen) når ein reiser inn i Arna fjorden. For bilete av elva viser vi til: [http://www.sognafoto.no/bilde.asp?key=6925, 3923, 5881, 1609](http://www.sognafoto.no/bilde.asp?key=6925,3923,5881,1609). Vi legg også ved bilete som er teke frå hurtigbåten som går i rute mellom Sogndal og Bergen og frå riksvegen på nordsida av Sognefjorden. Bileta er teke med zoom. Synlege inngrep elles vil vere dam og kraftstasjon. Dammen har høvesvis stor kronelengde, men området har truleg ein del fjellbjørkeskog. Truleg vil ikkje inntaket bli synleg frå fjorden. Kraftstasjonsområdet skal sprengast ut i fjellsida ved vegen, og etter det vi kan sjå er det rekna med skjeringar opp til 10 m høge og ca 1000 m³ masse som må fjernast i dette området. Dette er eit vesentleg terrenginngrep, som ligg like ved fylkesvegen.

I dei øvre delane renn elva i eitt gjel med spor etter fleire tidlegare elveløp, utrasing osv. Dei øvre delane av elva er nord-vestvendte og ligg i skygge eit godt stykke utover dei dagane som har sol. Når elva ligg i skygge er den mindre synleg i høve til det overordna fjordlandskapet, jf. vedlagte bilete. Elva blir gradvis også meir skjerma av terrenget framfor til nærmare ein kjem den, slik at det øvre paritet har lengst eksponering i høve til hovedfjorden. Med bakgrunn i dei

føreliggande opplysningane er det likevel vanskeleg å vurdere kva inntrykk elva vil gje ved ulike vassføringar, og kva som difor er akseptabelt i høve til rest-/minstevassføring. Søknaden bør supplerast med bilete ved ulike vassføringar, jf. søknaden som Småkraft har på Tvinna i Stryn. Det er særleg interessant å vurdere føreslegne minstevassføring (40 l/s), 5-persentil sommar (210 l/s), middelvassføringa (400 l/s) og flomsituasjonar.

Når det gjeld friluftsiinteresser viser vi til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneområde og inngrepsfri område (INON)

Område kring dei nedre delane av elva har førekomstar av edellauvskog. Elva har elles både bekkekløfter og fossesprøytsoner, men desse er ikkje undersøkt då dei topografiske forholda gjer tilkomsten vanskeleg. Prosjektet er venta å gje store konsekvensar for plantelivet her ettersom desse vegetasjons- og naturtypene er særskilt knytt til vassføringa i elva. Det er elles sannsynleg at ein del raudlista fugleartar som elles finst i område også vil søkje rundt i/bruke influensområdet til utbygginga: Desse kan bli noko forstyrre i anleggsfasa, men vert neppe varig påverka av ev. kraftutbygging.

Eitreeelvi var i utgangspunktet med i forslaget til Eiterstrondi naturreservat, men ved oversending til Miljøverndepartementet vart grensene endra og i det noverande forslaget ligg elva utanfor vernegrensene. Vi viser til vedlagt sitat frå Direktoratet for naturforvaltning si tilråding til Miljøverndepartementet om verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane.

Ved ei ev. utbygging må det takast høgde for at vassføringa i elva skal sikre biologisk mangfald knytt til bekkekløfter og fossesprøytsoner, og dette er vanskeleg når området ikkje er undersøkt. Elva er med på lista over føreslegne lokalitetar som skal undersøkast i samband med bekkekløftprosjektet til Direktoratet for naturforvaltning. Dei øvre delane av elva har ein del skygge, og relativt jamn vassføring om sommaren. Dette er moment som talar for at det kan finnast sjeldne artar. Føreslegne minstevassføring ligg langt under den vassføringa som naturen i området er tilpassa. Vi meiner det må vere eit krav at det blir brukt meir ressursar for å kartlegge området med tanke på bekkekløftene og fossesprøytsoner før det ev. vert gjeve løyve til kraftutbygging, og rår til at det vert nytta folk med fagleg spisskompetanse på dei mest utsette lav- og moseartane slik at det er nok med ein synfaring. Det bør ev. også gå fram av undersøkinga kor mykje rest-/minstevassføring som tilrådd for å oppretthalde livsmiljøet i dei sårbare naturtypene. Dersom området viser seg å ikkje innehalde raudlisteartar kan det ut i frå praksis i liknande saker vere tale om å krevje ei minstevassføring tilsvarende 5-persentil om sommaren. Vi meiner også at ei tørrlegging av elva vinterstid er uakseptabelt, men det kan i dette tilfelle vere tilstrekkeleg med minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring.

Eit INON-område med ein vel 25 km² sone 2 (1-3 km frå inngrep) vert redusert med 0,63 km². Store delar av det aktuelle INON-området samanhengir med eit sommarbeiteområde for villrein. Den delen av INON-område som blir redusert ser ut til å ligge utanfor beiteområdet slik det er registrert per i dag.

Fisk og fiske

Vassdraget har ikkje anadrom fisk og det er små eller ingen fiskeinteresser knytt til influensområdet elles.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten i elva vil bli vesentleg endra av omsøkte tiltak. Det er elles tale om tunneldrift og dumping av massar i sjøen. Det er svært sparsamt med opplysningar kring mengder masse som skal dumpast, ev. konsekvensar av dumping, og

verknader av ev. massedeponi på land. Vik kommune vil ha ein samfunnsnyttig bruk av massane, og dette skal avklarast i nært samarbeide med kommunen. Fylkesmannen støttar dette og minner om at tiltak som massedeponering/-disponering ofte treng eigen vurdering/avklaring i høve til plan- og bygningslova. Tunneldrift, og ev. dumping av massar i sjøen, må avklarast med Fylkesmannen i høve til ureiningslova. Småkraft AS må ta kontakt med Fylkesmannen for ein avklaring dersom desse planane skal gjennomførast.

Vi går ut i frå at dersom det gis konsesjon, blir det gjort støydempende tiltak. Dette er ein del av detaljprosjekteringa. Utbygginga bør ikkje gje vesentleg støy utover vassflata.

Det er ikkje drikkevassinteresser knytt til vassdraget.

Landbruk

Det vert vurdert at det vert små eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Det er positivt at utbygginga er planlagt med driftvassveg i fjell og at inntaket skal byggast med hjelp av helikopter. Planlagde vassuttaket er likevel konfliktfylt. Inntak og kraftstasjon m.m. kan til ein viss grad tilpassast terrenget osv., men vassføringa er sentral i høve til både fjordlandskapet og biologisk mangfald.

Fjordane på Vestlandet står i ei særstilling internasjonalt og er spydspissane i Marknadsføringa av Noreg i utlandet. Det er venta vekst i cruisebåt-trafikken innover Sognefjorden. Nye undersøkingar viser at også ein stor del av nordmenn som ferierar i eige land føretrekkjer Fjord-Noreg som feriemål. Vi har i tidlegare liknande saker (Sylvarnes og Eitreneselvi) vist til at dette området for ikkje lenge sidan vart kåra til verdas beste feriemål, og at Vestnorsk Fjordlandskap vart kåra til det best forvalta verdsarvområdet i verda. Sognefjorden er som kjent innfallsport til Nærøyfjorden som er eit av to fjordområde i dette Verdsarvområdet. Vi viser elles til OED sine retningslinjer for kraftutbygging i fjordlandskap.

Eitreelvi er ikkje av dei mest synlege elvane i landskapet i Sognefjorden, men saman med omgjevnadane med gjel og tidlegare far etter vassdraget, utgjer den eit markant landskapselement. At det enno renn vatn i dette gjelet forsterkar inntrykket av landskapet og viser samanheng i geologiske prosessar.

Fylkesmannen har ikkje vore på synfaring lokalt når det gjeld dette prosjektet. Vi reknar med å bli med på NVE sin sluttsynfaring i haust, og vil ta atterhald om supplerande innspel i den samanheng. Det er likevel vår vurdering at planane slik dei no ligg føre ikkje legg opp til nok rest-/minstevassføring i elva, og det ligg føre for lite dokumentasjon/opplysningar til ev. å kunne fastsetje ei minstevassføring som ivaretek naturtypene med ev. sjeldne artar, og landskapet.

Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er i konflikt både i høve til biologisk mangfald og landskapsverdiar. Det er bekkekløfter og fossesprøytoner som er avhengig av vassføringa i elva, og Eitreelvi med omkringliggende gjel er eit markert landskapselement i høve til Sognefjorden. Fylkesmannen vil, ut i frå føreliggjande utbyggingsplanar og vurderingsgrunnlag, rå ifrå kraftutbygging i Eitreelvi. Søknaden bør supplerast med opplysningar slik som vist til under tema landskap og biologisk mangfald ovanfor, og vi er opne for å gje ei ny vurdering når dette ligg føre."

” ...

Vedlegg

Sitat frå Direktoratet for naturforvaltning si tilråding til Miljøverndepartementet om verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane om avgrensing av Eiterstrondi naturreservat i høve til kraftverksprosjekt i Eitreelvi:

” Om kraftverksprosjektet i nord meiner Fylkesmannen at Eitreelvi med dei opne, fossesprøytpåverka engsamfunna som ein m.a. har ned mot vegen, er eit verdifullt element både estetisk og for det biologiske mangfaldet. Det vil difor auke verdien av eit naturreservat at denne elva vert med i urørd tilstand. På den andre sida er dette kvalitetar som ikkje direkte har med edellauvskog og andre varmekjære livsmiljø å gjere; tvert om er fossen truleg med på å skape kjøligare og fuktigare lokalklima. Fuktpåverknaden kan ha verdi for ein del lav og mosesamfunn, t.d. lobarion-samfunn i gammalskog, sjølv i god avstand frå ei elv, og er såleis ikkje uinteressant i ein edellauvskogplan. For tilfellet Eiterstrondi meiner Fylkesmannen ut ifrå den kunnskapen vi har i dag at området har så pass fuktig klima og tette, og frodige skogbestand at tilførsle av lufråme frå fossar neppe er vesentleg for å gje livsrom for slike artselement. Mange høyringspartar er opptekne av at vern av edellauvskog ikkje må føre til bandlegging av areal og brukarinteresser som ikkje har direkte med edellauvskog å gjere. Så lenge det ikkje er dokumentert at Eitreelvi er viktig for edellauvskog og varmekjær vegetasjon, tilrår Fylkesmannen difor at nærområdet til elva vert teke ut av verneframlegget, og at lagnaden til elva vert avgjort gjennom ordinær konsesjonshandsaming. Dersom miljøundersøkingane syner at det er verdifulle artar knytte til fossesprøytsoner etc., og/eller at påverknaden frå fossen kan vere viktig for verneverdiar i tilstøytande skogområde, vil det vere tunge argument for å avslå konsesjonssøknaden.

Det hadde vore ønskjeleg med betre kunnskap om miljøverdiar knytte til Eitreelvi før grensa for naturreservatet vert avgjort. Direktoratet for naturforvaltning bør difor vurdere om dette bør undersøkjast nærare som del av handsaminga av edellauvskogplanen, eller om ein skal avvente prosessen etter vassressurslova.”

(...)

”Direktoratets tilråding

Etter drøftingar mellom DN og fylkesmannen og fylkesmannen og Statens vegvesen har vegvesenet teikna på kart eit konkret arealbehov knytte til dei planlagde rassikringsstiltaka langs fylkesvegen. DN tilrår at desse areala blir tatt ut av verneplanframlegget. Samla sett er det snakk om små areal og det vil vere ein stor fordel for den framtidige forvaltninga av område at desse areala ikkje inngår i reservatet. Det er DN si vurdering at ei slik løysing samla sett best ivaretar både verneverdiene i området samt at det også blir tatt tilstrekkeleg med omsyn til dei planlagde rassikringstiltaka langs vegen.

DN visar til kap. 9 og tilrår at Eiterstrondi naturreservat forøvrig blir oppretta slik fylkesmannen foreslår. ”

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok følgende uttalelse i møte i fylkesutvalget den 2.7.2008:

” ...

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon til bygging av Eitreelvi kraftverk, under føresetnad av at kraftverket let seg byggje utan å truge ivaretakinga av naturverdiane i området.*
 - *Som eit minimum foreslår vi desse avbøtande tiltak:*
 - *Krav om at tunnelmasse ikkje vert deponert i fjorden eller innanfor foreslått naturreservat.*
2. *Krav om minstevassføring som gjer at den særleine vegetasjonen knytt til vassdraget vert oppretthalde.”*

Fra uttalelsen referer vi vidare:

”Automatisk freda kulturminne

Vi har i dag ikkje kunnskap om registrerte automatisk freda kulturminne (før 1537) i dei områda som vert direkte råka av tiltak (et område ved kraftstasjon og inntaksdam). Områda er vurdert til å ha eit lågt potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, det vil seie spor etter busetnad og erverv frå forhistorisk tid. Vi finn difor ikkje grunnlag for å setje krav om arkeologiske registreringar (jf. undersøkingsplikta § 9 i Lov om kulturminne) i høve dette kraftverket.

I nedslagsfeltet et stykke oppstraums inntaket, i Veadalen vest for Lomsli støl, er det registrert jarnvinneanlegg med sju store slagghaugar, "Slindehaugane". Det planlagde inntaket ligg i god avstand til desse kulturminna. Vi ser likevel ikkje vekk i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne innanfor dei areal som vert råka av tiltaket. Tiltakshavar må vere merksam på at han har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved Kulturavdelinga, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol og slag i undergrunnen, samlingar av stein eller steinsettingar, eller våpen og reiskap i metall eller stein.

Kulturminne frå nyare tid

Ved transport av tunge anleggsmaskiner og anna transport i terreng, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som gamle vegar, steingardar, bakkereiner eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i områda.

Fylkesdelplan for arealbruk

I fylkesdelplan for arealbruk er det registrert to viktige friluftsområde i tilknytning til tiltaksområde. Det eine ligg øvre del av nedbørfeltet, om lag 2 km søraust for vassinntak, det andre omfattar sjølve Arnafjorden. På austsida av Arnafjorden er det registrert eitt viktig naturområde, Eitrestrondi, som omfattar lia frå Eitreneset til Nistad. Dette er det naturområde som er foreslått freda som naturreservat, for edellauvskog. I retningslinjer i fylkesdelplan for arealbruk, vedkomande forvalting i 100-metersbeltet, er det sagt mellom anna følgjande: "Ingen bygging i (.....) naturområde av nasjonal/regional interesse (nasjonaplarkplan, EDNA, kulturlandskapsregistreringane, ulike verneplanar for våtmark, myr og edellauvskog)".

Om mål for biologisk mangfald er det sagt: "Biologiske ressursar skal utnyttast og forvaltast slik at det biologiske mangfaldet vert oppretthalde både på kort og lang sikt. Ein skal bevare og

sikre mangfaldet moglegheiter for utvikling. Dei verdianes om kjem fram gjennom samspelet mellom samfunn og biologisk mangfald skal realiserast til beste for samfunnet. I retningsliner for same tema heiter det, mellom anna: "Unngå inngrep i og omdisponering av;

- Naturtypar som er sjeldne, spesielt sårbare eller truga.
- Område med viktig biologisk funksjon".

Vidare er det i planen sett opp følgjande mål for vassdragsutbygging: "Sikre energiproduksjonen og -foryninga, samstundes som viktige element som friluftsliv, naturverdiar og landskapsestetiske omsyn vert ivaretekne".

Fylkesdelplan for klima og energi

I fdp. for klima og energi har vi mellom anna definert følgjande mål,:

- "Ein størst mogleg del av den økonomiske avkastninga av vasskraftproduksjonen i fylket skal kome distriktet til gode.
- Vasskraftpotensialet som finst i fylket er eit viktig bidrag til den reine og fornybare energien i landet. Restpotensialet i fylket må kunne byggast ut.
- Opne for å bygge ut minst 100 GWh innafor mini- og mikrokraftverk dei neste 10 åra".

Verna område

Det er ikkje verna men største delen av området ligg innanfor forslått naturreservat, som nemnt over.

Samla plan

Det omsøkte prosjektet er av ein slik storleik (under 10 MW installasjon/50 GWh produksjon) at det ikkje treng førehandsvurdering i høve til Samla plan

Kommunal arealplan

Planområdet har opphavleg status som LNF-område i arealdelen til gjeldande kommuneplan. Det er vert å merke seg at mesteparten av areala nedanfor ca. kote 575 er bandlagt som forslått naturreservat.

(....)

Vurdering

Det synest i dette tilfelle aktuelt å stille krav om avbøtande tiltak, som går utover det som er vanleg i småkraftsaker. Dette med bakgrunn i at Eitrestrondi er eit viktig naturområde, som er foreslått freda som naturreservat, og at Eitreelvi har stor verdi for biologisk mangfald. Det å stille "streng" krav til avbøtande tiltak, for å take i vare naturverdiane i området, vil vere i samsvar mål og retningsliner i fdp. for arealbruk.

Vi har ikkje grunnlag for å konkludere med at dei negative konsekvensane for biologisk mangfald er så store at konsesjonen bør avslåast. Skal det gjevast konsesjon føreset det at det kan stillast så strenge krav til minstevassføring, at dei største negative konsekvensane for biologisk mangfald vert avverja. Det verkar, utifrå dei utgreiingane som er gjorde, som føreslåtte minstevassføring, på 40 liter per sekund om sommaren (1.mai - 30. september), ikkje er tilfredstillande.

Det kan vere verd å merke seg at sjølv med minstevassføring gjennom heile året, så vil prosjektet framleis vere lønsamt. Det er oppgeve eit produksjonstap på 1,31 GWh, ved slepp av

40 liter/sekund (10 % av middelvassføring) gjennom heile året. Dette fører til at utbyggingsprisen aukar med 0,15 kr/kWh, til 2,53 kr/kWh. Noko som tilseier at utbyggjar vil tene "gode pengar", sjølv med eit slikt krav til minstevassføring. Det skulle såleis vere rom for endå større minstevassføring dersom det er det som skal til for å take i vare det biologiske mangfaldet. Spesielt sommartid, ser vi føre oss at det kan vere trong for ei monaleg vassføring i vassdraget. Større minstevassføring vil også vere positivt for landskapet.

Det synest også aktuelt å krevje at vatnet frå kraftstasjonen vert ført attende til elva for å oppretthalde det naturlege miljøet i (og langs) nedste delen av elva. Likeeins kan det vere aktuelt å stille krav til avbøtande tiltak i forhold til kraftlinja som skal knyte stasjonen til straumnettet. Dersom linja kan leggjast i kabel, i jord og/eller sjø, vil det vere ei føremun. Det er spesielt to forhold som kan tale for det: Viss ei luftlinje fører til stor kollisjonsfare for fugl så vil kabel eliminere denne faren. Men kollisjonsfare er ikkje omtala i dei utgreiingane som er gjorde så her lyt eventuelt andre fagmynde vurdere om det ligg føre slik fare. Det andre er at ei luftlinje venteleg vil krevje ei ryddegate, noko som vil vere uheldig inne i/på grensa til eit eventuelt naturreservat.

Vi ser også for oss at det kan vere aktuelt å stille krav om at kraftstasjonen vert bygd i fjell, dersom dette gjev monaleg reduserte negative konsekvensar for naturverdiane. Det synest klart at tipping av tunnelmasse i fjorden vil vere negativt i dette område. I utgreiinga frå Ole Kristian Spikkeland naturundersøkelser som ligg ved søknaden, vert det sagt at "eventuell etablering av massedeponi i sjøen vil kunne vere konfliktfylt - med mindre deponering skjer på dypt vann og uten å rasere tilstøtende landarealer". Vik kommune har stilt krav om at konsesjonssøklar finn andre måtar å verte kvitt massen på.

Positive samfunnsverknader er venta å vere at kraftverket fører til 0,3 varige årsverk og at det årleg vil tilkomme Vik kommune 200.000 kr i eigedomsskatt. Kraftverket vil, indirekte, kunne virke positivt for lokal busetjing og næringsverksemd, gjennom inntekter til grunneigarane.

Sogn og Fjordane Turlag uttaler i brev datert 21.12.2007:

"...

Friluftsliv i det aktuelle området

Området ligg nær Vik sentrum, og er lokalt eit viktig friluftsområde. Som eit både sentrumsnært og nesten urørt område, har det stor verdi. Området er kjent for å ha godt molteterreng, og er derfor mykje nytta av bærplukkarar. Som det går fram av kartet i Vedlegg 1, er det ei rekkje stiar både inne i nedslagsfeltet og i tilgrensande område. Frå sørvest er det sti frå Framfjorden via Saursete, frå nord frå Limmesand og Røyrvik, og frå aust er det fleire stiar opp frå Bøadalen. Ein kan også gå inn i området frå sør, frå Vikafjellet. Ein av stiane kryssar Eitreelvi eit ganske kort stykke (ca. 40 m) ovanfor det planlagde inntaket. Det er svært sannsynleg at utbygginga er i mellombels og varig visuell konflikt med denne stien. I byggefasen vert konflikten kanskje også fysisk, avhengig av kvar rigg- og lagringsområde vert plassert.

Vik Turlag har av og til fellesturar inn i området, seinast no i haust, 9. september 2007. Turen gjekk då frå Fjærestad i Bøadalen, via Unnardalen og Lomsli i nedslagsfeltet, til Røyrvik.

Av www.fylkesatlas.no går det fram at det er 2 FRIDA-registrerte lokalt viktige friluftsområde som har tilknytning til Eitreelvi: eitt i den austlege delen av nedslagsfeltet og eitt i Arnafjorden. Området i Arnafjorden er i ganske betydeleg visuell konflikt med utbygginga fordi fossane, særleg i den nedre delen av Eitreelvi, er så godt synlege frå den nordre delen av fjorden. Begge

dei to områda har prioritet 2 – "Høgt prioritert". Visuelt er utbygginga også til ein viss grad i konflikt med det regionalt viktige friluftsområdet, og med Stølsheimen landskapsvernområde, på vestsida av Arnafjorden.

Kommentarar til utbygginga:

Slukeevneintervallet for kraftstasjonen er mellom 10 og 200 % av gjennomsnittsvassføringa. Av omsyn til biologisk mangfald og landskap, som begge delar er svært viktig her, ber i NVE vurdere om den maksimale slukeevna bør reduserast noko, til dømes til 150 %.

Inntak: Inntaket er sannsynlegvis i visuell konflikt med turstien som passerar like ovanfor. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, er det vanskeleg for oss å bedømme kor stor denne konflikten er. Viss det er rett at inntaket er i visuell konflikt med turstien og/eller viss det blir synleg frå fjorden, ber vi om at det vert sett i verk tiltak for å "kamuflere" inntaket. Til dømes ved bruk av farga betong og/eller forblending med naturstein. Det er også viktig å ta best mogeleg vare på skogen omkring inntaket, slik at den kan vere med på å kamuflere det. Vi ber også NVE vurdere om det kan vere ein fordel å flytte inntaket eit ganske kort stykke nedover. Foto 4 og 6 i vedlegg 6 indikerer at dette kan vere mogleg, med minimalt tap av fallhøgde, men om fjellkvaliteten der er tilfredsstillande, er ikkje mogeleg å bedømme ut frå desse fotoa.

Driftsvassveg: Det er positivt at heile driftsvassvegen skal leggjast i fjell!

Kraftstasjonen: Ettersom frå kraftstasjonen skal sprengast ein tunnel med ganske stort tverrsnitt 404 m innover fjellet, og det er "trengt om plassen" der kraftstasjonen er tenkt plassert, ber vi NVE ta opp med utbyggaren å plassere heile kraftstasjonen inne i fjellet. Då vil truleg inngrepa ute i dagen kunne reduserast noko, og det vert vel ikkje særleg meirkostnad med ei slik løysing? Når det gjeld avløpet frå kraftstasjonen, ser det i Biologi- og Miljøvurderingsrapportane ut som avløpet frå kraftstasjonen ikkje skal førast attende i elva, men at det skal førast rett ut i Arnafjorden. Sjølv om det berre er 20 høgdemeter att av elva før den renn ut i fjorden, meiner vi at dette er heilt feil. Vi ber NVE krevje at utløpet frå kraftstasjonen vert ført attende i elva like på oppsida av vegen!

Vegbygging: Det er svært positivt at det ikkje skal byggast veg opp til inntaket! Ein eventuell slik veg ville vi vurdert som svært konfliktfylt.

Kraftliner: Lina frå kraftstasjonen til det eksisterande 22 kV-nettet er planlagd som ei 600 m lang lufiline. Ettersom delar av lina vil gå gjennom det planlagde naturreservatet, og i tillegg av omsyn til fugl, synest vi dette er uheldig. Vi ber NVE krevje at lina vert nedgraven i langs vegkanten der det er aktuelt, og vidare så langt dette er mogeleg!

Massetak og deponi: Det er planlagt å tippe massane i sjøen. Vi har dessverre for lite kunnskap til å vurdere i kor stor grad dette er uheldig, og håpar andre høyringsinstansar, og NVE, kan vurdere dette betre enn oss. Deponi på land kan også vere uheldig, om ein ikkje finn ein svært godt eigna stad. Viss massane vert tippa i sjøen, må eventuelt viktig biologisk mangfald i fjellsida mellom vegen og sjøen vernast, og det må ryddast skikkeleg opp, slik at det ikkje vert liggande att sprengd stein m.m. i fjellsida.

Kommentarar til Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn:

Biologisk mangfald: Nesten heile området som vert påverka av utbygginga, ligg innafor grensene for det planlagde Eitrestrondi naturreservat. Eitreelvi er den einaste større elva som går gjennom dette reservatet, og vi vil derfor tru at den er viktig! Mellom inntaket og Eitrebotn er det nordvende bekkekløfter, det er fosseengar, og i tillegg ser det ut som berggrunnen er rik"

og/eller at elvevatnet er påverka av næringsrik berggrunn oppstrøms. Til saman gir det eit stort potensiale for funn av sjeldne artar. Utbygginga er derfor truleg i sterk konflikt med biologisk mangfald. Slepping av ei minstevassføring på 40 l/sek i perioden 1.5 – 30.9 er truleg altfor lite til å ta vare på den delen av det biologiske mangfaldet som er avhengig av å ha det vått. Viss ikkje delar av det biologiske mangfaldet skal bli øydelagt, er det truleg at det må sleppast minstevassføring heile året, og at den spesielt om sommaren må ha "skikkeleg" storleik. Vi vil tru at minstevassføringa som eit absolutt minimum må tilsvare 5. prosentilen både sommar (210 l/sek) og vinter (40 l/sek) viss det biologiske mangfaldet skal oppretthaldast. I tillegg bør ein vurdere å redusere den maksimale slukevna for kraftstasjonen for å få meir "dynamikk" i elva. NB! Vi presiserer at dette er vår "synsing". Fylkesmannen og truleg også andre høyringsinstansar kan uttale seg med mykje større fagleg tyngde om dette enn det vi kan. Ettersom utbygginga er inne i eit planlagt naturreservat, går vi ut frå at NVE syter for at også Direktoratet for naturforvaltning får saka til fråsegn.

Store delar av Eitreelvi sitt nedslagsfelt er i følgje www.fylkesatlas.no beiteområde for villrein. Vi går ut frå at utbygginga berre vil vere i konflikt med villreinen i anleggsfasen.

Landskap: Den tilnærma tørrlegginga av fossane i Eitreelvi bortsett frå når det er overløp, er i sterk konflikt med landskap. Sett frå hovudfjorden er fossane ein del synlege, men dei kan ikkje måle seg med dei 4 "turistfossane" i fjorden vest for Balestrand og Vik sentrum. Frå vest er dette: Storefossen i Måren (på nordsida), Eitrefossen i Eitreneselva på grensa mellom Balestrand og Høyanger (på nordsida), Sylvarnesfossen (på sørsida) og Tennefossen (på nordsida). Sett frå hovudfjorden er det mykje viktigare at Eitreneselva kraftverk (som for tida også er til konsesjonshandsaming i NVE) ikkje vert bygd, enn at Eitreelvi kraftverk ikkje vert bygd. Men sett frå den nordlege delen av Arnaffjorden er Eitreelvi eit svært viktig landskapselement. Det er den også sett frå vegen og sett frå motsett side av Arnaffjorden. Viss elva skal byggast ut, er det viktig med ein kombinasjon av ei "skikkeleg" minstevassføring om sommaren og redusert maksimal slukevne for kraftverket.

Kulturminne: På dette området ser det - ut frå den informasjonen vi har fått frå lokalkjende - ut som konsesjonssøknaden er mangelfull. Vi har fått opplyst at det i nedslagsfeltet eit stykke oppstrøms inntaket, er store automatisk freda kulturminne som er minst 1.500 år gamle. Desse kulturminna er store slagghaugar, mellom dei største i Sogn, knytte til jarnutvinning. Vihar fått opplyst at desse slagghaugane ligg på sørsida av elva mellom Lomsli og inntaket, men betydeleg nærare Lomsli enn inntaket, (sjå "krøll" på 680 m-koten på kartet). Med ein så omfattande og langvarig aktivitet som desse slagghaugane vitnar om, vil vi tru at potensialet for å finne også andre automatisk freda kulturminne i området er svært stort! Om det er sannsynleg at det er automatisk freda kulturminne i inntaksområdet og/eller i riggområdet for dette, eller ikkje, er det uråd for oss å vite noko om. Det kan vel tenkjast at det har vore fast eller periodevis busetnad der, og det kan tenkjast at det fins kulturminne i lausmassar på elvebotnen. Men dette vert berre spekulasjonar frå vår side. Dette må vurderast av fagfolk!

Vi kan nemne at på den fellesturen Vik Turlag hadde i dette området 9.9.2007, så var det "Slinderhaugane ved Lomsli" som var hovudmålet for turen. Om ønskjeleg, kan vi sikkert, via Vik Turlag, skaffe meir informasjon om dette kulturminnet, men vi går ut frå at dei som arbeider med kulturminne hos Fylkeskommunen har mykje meir informasjon.

Brukarinteresser/friluftsliv: Vi viser til avsnittet om friluftsliv på første side. Viss det vert gjort godt arbeid vurderer vi ikkje inntaksområdet som spesielt konfliktylt. For friluftsliv på Arnaffjorden, vert den visuelle konflikten større, og ei "skikkeleg" minstevassføring trengst.

Avbøtande tiltak:

Minstevassføring: Vi viser til det vi alt har skrive om dette under Biologisk mangfald, Landskap og Brukarinteresser/friluftsliv.

Avløpet frå kraftstasjonen: Dette må gå attende i elva, ikkje i eit ekstra avløp direkte i Arna fjorden.

